



Vurdering for utvikling

Rapport



Veke 43, 19.-21.10.2020

Tema: IKT i barnehagen

Bjordal og 21.10.2020:

*Torunn Åsnes
Vurderar*

*Gøril Fristad
Vurderar*

Innhald

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete	6
6. Vurderingar	7
Kvalitetsmål: Barna opplever at den digitale praksisen til barnehagen bidrar til leik, kreativitet og læring	7
Kvalitetsmål: Tilsette nyttar digitale verktøy i arbeidet med barna sin leik, læring og utvikling	8
Kvalitetsmål: Føresette er sikra medverknad, nært samarbeid og informasjon frå barnehagen om utviklingsområdet	10
Kvalitetsmål: Barnehagen er ein lærande organisasjon	11
7. Spørsmål til refleksjon	13
8. Vidare arbeid	14
Vedlegg:	15
Deltakarar i vurderinga	15
Tidsbruk	15
Metodar	16
Samtaleguidar og skjema	16

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene».

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen».

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Oktober 2020

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 92641210

E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Vi har møtt ein barnehage som er engasjert i utviklingsarbeidet sitt. Barnehagen har tilgang på relevante digitale verktøy, og dei tilsette legg til rette for at barna får utforske, leike, lære og oppleve meistring gjennom bruk av digitale verktøy. Vi har sett at barna får høve til å vere kreative og produktive, og produserer eigne digitale produkt.

Barnehagen har personvern og digital dømmekraft på agendaen, men er noko usikre på om dei digitale plattformene som per i dag er tilgjengelege er trygge nok. Barnehagen ønsker ei digital plattform der ein både kan sende og lagre informasjon og bilete, gje felles og individuelle beskjedar, og kommunisere med foreldra.

Barnehagen ser behovet for auka kompetanse innanfor området, og dei ser at dette behovet kjem til å vere kontinuerleg i endring saman med utviklinga elles i samfunnet. Dei tilsette ønsker felles digital opplæring for alle tilsette i barnehagen. Dei ser fram til vidare arbeid med temaet for utvikling og arbeidet med ReKomp.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Bjordal barnehage er ein kommunal barnehage som ligg i Bjordal i Høyanger kommune. Vi er samlokalisert med skulen og har tilgang til ballbingen og leikeplassen på skulen, biblioteket og gymsalen. På uteområdet vårt kan barna sykle, klatre i tre og på steinar og sigle på akebrett når det er snø. Vi har og vår eigen leikeplass i skogen med blant anna ei trehytte, balansebom og benkar. Barnehagen ligg nær sjø og skog og vi har mange turmoglegheiter.

Barnehagen vart bygt i 1990 og pussa opp og utvida siste gong i 2010 og er no godkjend for 18 barn i alderen 0- 6 år. Barnetalet var gjekk drastisk ned nokre år, men har no gått litt opp igjen. I dag har vi 7 barn frå 1- 4 år og 4 tilsette. Barnehagen har 6 SFO- barn som har tilbod hjå oss før og etter skulen og heile onsdagar.

Opningstida er 07.30- 16.30 og vi har stengt 3 veker om sommaren.

Tema for vurdering vart valt etter at alle tilsette hadde teke Ståstadsanalysen. Analysen viste at vi sjølve tykte vi kunne bli betre på arbeidet med digitale verktøy saman med barna.

Rammeplanen seier at den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Personalet skal leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skapar noko gjennom digitale uttrykksformer. Vi tykte temaet var veldig aktuelt då Rammeplanen i større grad vektlegg at barnehagane skal jobbe med dette temaet. Det var også her vi tykte vi hadde størst potensiale for å bli betre og å kunne auke vår eigen kompetanse.

Barnehagane og Tenesteområde Oppvekst i Høyanger utarbeidde i 2019 ein IKT-plan for å styrke og systematisere barna og dei tilsette si tileigning av digital kompetanse, samt sikre gode digitale prosessar i barnehagen. Det overordna målet med planen er at alle barnehagane skal bruke IKT som eit pedagogisk verktøy i det daglege arbeidet med barna i barnehagen. Bjordal barnehage har lenge brukt IKT og

digitale verktøy i arbeidet med barna. Vi tykte likevel at det i det daglege arbeidet med barna ikkje vart prioritert nok og at vi som personalgruppe burde heve kompetansen vår for å støtte krava i Rammeplanen.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehagevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blick frå to «likemenn» som kjem til barnehagen for å observera og snakka med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit



samarbeid med barnehageeigaren og regionen.

Meir om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p>Barna Barna opplever at den digitale praksisen til barnehagen bidrar til lek, kreativitet og læring</p> <p>Jamfør rammeplanen kapittel 1 og 3</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Barna har tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verktøy · barna utforskar, leikar, lærer og skaper sjølve gjennom digitale uttrykksformer · barna får oppleve glede og meistring i leiken og læringa med IKT · barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy
<p>Tilsette Nyttar digitale verktøy i arbeidet med barna sin lek, læring og utvikling</p> <p>Jamfør rammeplanen kapittel 8</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Tilsette legg til rette for at barna utforskar, leikar, lærer og skapar noko gjennom digitale uttrykksformer · Tilsette støttar barna i å utvikle digital dømmekraft · Tilsette varetek barna sitt personvern · Tilsette har god kjennskap til barnehagen sin IKT – plan
<p>Føresette Føresette er sikra medverknad, nært samarbeid og informasjon frå barnehagen om utviklingsområdet</p> <p>Jamfør rammeplanen kapittel 5</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Den digital kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell · Føresette kjenner til barnehagen sin plan og praksis for bruk av digitale verktøy · Føresette kjem med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet · Refleksjon kring bruk av digitale verktøy er fokus på foreldremøte
<p>Barnehagen Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p>Jamfør rammeplanen kapittel 3 og 7</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet etter behov innan utviklingsområdet · Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis · Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis · Barnehagen har ein IKT-plan som blir jamleg oppdatert

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Barna opplever at den digitale praksisen til barnehagen bidrar til leik, kreativitet og læring

1. Barna har tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verktøy

God praksis:

Barna i Bjordal barnehage har tilgang til både digital tavle, Ipad og kamera, som dei kan bruke så og seie fritt. Dei får også bruke CD-spelar og lamineringsmaskin ilag med vaksne. Dei ventar på ein PC som er til bruk for barna. Vi har sett at det å skrive ut bilder og teikningar som barna har laga er ein litt "kronglete" operasjon, der ein må bruke minnepenn til å lagre på tavla, setje inn i styrar sin PC og skrive ut der. Styrar seier at dette går greitt, sidan dei har få barn og tid til å gjere dette. IKT-planen seier noko om kva slags utstyr som skal vere tilgjengeleg i kvar barnehage/avdeling, og utstyret Bjordal barnehage er i samsvar med desse krava.

Dette kjem fram i dokumentanalyse, observasjon og intervju med barn, tilsette og styrar.

2. Barna utforskar, leiker, lærer og skaper sjølve gjennom digitale uttryksformer

God praksis:

Barna fortel oss at dei lagar ting på den digitale tavla og på Ipad, dei tek bilete og skriv ut, dei teiknar og lagar lastebil på tavla, og kan skrive ut det dei har teikna. To barn viste oss ulike appar på den digitale tavla og korleis dei brukte appane. Det var mellom anna ein app med programmering, ulike appar for spel og teikeprogram. Barna utforskar og hjelper kvarandre. Barnehagen har ein fast "dagens fotograf" som tek bilder kvar sin dag. Barna er med på prosessen med å velje ut bilder, skrive ut og henge dei opp på veggen.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette, styrar og barn.

3. Barna får oppleve glede og meistring i leiken og læringa med IKT

God praksis:

Vi har sett fleire døme på at barna opplever meistring, og dei syner stor glede i leik og læring med IKT. Døme er barn som er "fotografar" på jakt etter haustfargar, song og dans med musikk frå CD og musikkvideo, og barn som samhandlar i leik med den digitale tavla.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette, styrar og barn.

4. Barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy

God praksis:

Vi ser vaksne som er nær barna medan dei held på med digitale verktøy, som observatørar og rettleiarar. Dei vaksne støttar barna og rettleiar dei undervegs, men let barna prøve ut sjølve.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med barn, tilsette og styrar.

Praksis som kan bli betre:

Vi ser at dei vaksne kan verte tryggare i bruken av nokre av dei digitale verktøya, til dømes Ipad og digital tavle med ulike appar. Jamleg bruk og øving vil trene opp ferdigheitene til tilsette og gjere dei endå tryggare i bruken av digitale verktøy, slik at dei betre kan støtte barna i deira bruk.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette og styrar.

Kvalitetsmål: Tilsette nyttar digitale verktøy i arbeidet med barna sin leik, læring og utvikling

1. Tilsette legg til rette for at barna utforskar, leiker, lærer og skapar noko gjennom digitale uttrykksformer

God praksis:

Dei tilsette legg til rette og oppmuntrar barna i å bruke både kamera, tavle og Ipad. Vi har sett at bileta barna har tatt blir brukt til å lage collage og plakatar. Tavla og Ipad er lett tilgjengeleg, og bilete barna teiknar gjennom gjennom teikneprogram, vert printa ut og hengt opp på vegg.

Dei tilsette spør om barna vil delta i bruken av verktøya, og det verkar vere naturleg for barna å hjelpe til. Barna set på musikk, dei laminerer og dei skriv ut bilete. Gjennom at eit barn får vere dagens fotograf, får barna oppleve å utforske, leike, lære og skape noko, alt på ein gang.

Praksis som kan bli betre:

Ved eit tilfelle var tavla på under frukosten. Dette tok noko av fokuset til barna vekk frå maten og kvarandre.

Dette kjem fram under observasjon og samtale med barn, tilsette og styrar.

2. Tilsette støttar barna i å utvikle digital dømmekraft

God praksis:

Dei tilsette seier det er viktig å rettleie barna over til ein annan aktivitet dersom barna held på for lenge på tavle eller Ipad. Ein styrer då opplegget til at barna får eit alternativ som er minst like spanande. Dei tilsette seier at dette ikkje er noko stort

problem, då barna ofte sjølv ønsker å bytte aktivitet. Denne rettleiinga er også noko vi har observert.

Når barna tar bilete, går dei tilsette gjennom desse saman med barna, og ein snakkar om kva som er greit å ta bilete av og ikkje. Ein har også snakka om kvifor ein har aldersgrenser på ulike program.

Dei tilsette uttrykkjer at dei ønsker at programma som vert nytta skal vere utviklande, ikkje underhaldande.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har fått hjelp av ressurspersonen i kommunen til å laste ned appar på tavle og lpad. Dei tilsette verkar nøgde med desse, men har i liten grad oppsøkt eller vurdert andre alternativ. Grunna dårleg nett vart ikkje denne nedlastninga gjort før ein måned før vurderinga, og difor er det naturleg at dei tilsette er i ein utprøvingfase. På sikt kan det vere føremålstenleg om barnehagen tenker gjennom kva for appar dei ønsker, kva for krav dei stiller til desse, og innanfor kva for tema/område.

Dette kjem fram under observasjon og samtalar med barn, tilsette, foreldre og styrar.

3. Tilsette varetek barna sitt personvern

God praksis:

Det er først og fremst leiar som sender ut informasjon og beskjedar frå barnehagen til føresette. Ein nyttar e-post, og frå i haust, messenger til å sende ut generell informasjon. Leiar i barnehagen er opptatt av at sensitive opplysningar om barna skal lagrast på ein trygg måte, og ein har difor ikkje eit digitalt arkiv.

Foreldra fyller ut skjema for bruk av bilete av barna, og ein følger foreldra sine ønsker. Alle tilsette har endra fokus til aktivitet framføre ansikt i bilete, og ein viser omsyn til barn og vaksne når ein vel ut bilete. Tidlegare fekk barna med seg bilete heim i ein album, men det har ein gått vekk frå no. Ein er også varsam med å legge bilete inn i vekeplanar. Ein skriv ut bilete kvar måned, som ein heng på ein plakat i gangen slik at foreldra kan sjå kva ein har hatt føre seg.

Praksis som kan bli betre:

Vi er usikre på kor godt messenger dekker krav til personvern, og ser eit behov for ein kommunikasjonskanal som gjev høve til å sende felles informasjon og beskjedar, utan at det går til alle i ei gruppe, men direkte til den enkelte føresette. Dette er også eit behov leiar uttrykkjer.

Dette kjem fram under samtalar med tilsette, foreldre og styrar.

4. Tilsette har god kjennskap til barnehagen sin IKT – plan

God praksis:

Dei tilsette opplever at dei kjenner godt til IKT-planen. Dei opplever at dei har fått kome med tilbakemeldingar før planen var ferdig, og at innhaldet gjev meining. Planen er fornuftig formulert til praktisk bruk, samtidig som den gjer ein merksam på lover og forskrifter som er kunnskap ein må ha med seg i jobben i barnehagen.

Vi har sett at dei tilsette nyttar verktøy som er relevant ut frå IKT-planen, og dei tilsette legg til rette for digital utvikling som er naturleg progresjon ut frå barna sin alder.

Dette har kome fram under dokumentanalyse, samtalar med tilsette og observasjon.

Kvalitetsmål: Føresette er sikra medverknad, nært samarbeid og informasjon frå barnehagen om utviklingsområdet

1. Den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell

God praksis:

Dei føresette opplever stort sett at den digitale kommunikasjonen er funksjonell. Det er oppretta ei messenger-gruppe der foreldre får generell informasjon frå barnehagen. Denne er einvegs, kun barnehagen legg ut noko der, ikkje foreldra. I tillegg vert det brukt e-post og SMS/telefon mellom foreldre og barnehagen. Barnehagen sender ikkje bilete på messenger-gruppa, anna enn bilete av aktivitetar på vekeplan.

Praksis som kan bli betre:

Foreldra er usikre på om kommunikasjon via messenger-gruppe er sikker nok. Nokre opplever også at det er vanskelegare å finne att dokument som er sende på messenger enn på e-post. Foreldra ynskjer også at det vert ei tydelegare avklaring på kva informasjon som skal gjevast på e-post og kva informasjon som skal gjevast i messenger-gruppa. Foreldra synst det var fint å få tilsendt bilete av barna, men er usikre på tryggleiken når ein nyttar messenger. Samstundes seier dei at messenger-gruppa er relativt ny og at ein kanskje treng litt tid til at den digitale kommunikasjonen skal finne si form.

Dette kjem fram i foreldremøte og intervju med tilsette og styrar.

2. Føresette kjenner til barnehagen sin plan og praksis for bruk av digitale verktøy

Praksis som kan bli betre:

I foreldremøtet kjem det fram at det er ulik kjennskap til kommunen sin IKT-plan for barnehagane. Dei er usikre på om planen er sendt ut til foreldra og kor dei eventuelt kan finne den. I intervju med tilsette og styrar kjem det fram at foreldra ikkje har fått sjølve planen, men at den har vore tema på foreldremøte både i 2019 og 2020.

Dette kjem fram i foreldremøte og intervju med tilsette og styrar.

3. Føresette kjem med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet

God praksis:

Foreldra har på foreldremøte blitt inviterte til å komme med innspel innan utviklingsområdet. Foreldra opplever at dei har vorte høyrde og at innspel har blitt teke med vidare i barnehagen sitt arbeid. Innspel foreldra har komme med er mellom anna fokus på digital dømmekraft, og at dei ynskjer at digitale verktøy skal brukast til læring og ikkje tidsfordriv.

Dette kjem fram i foreldremøte, dokumentanalyse og intervju med tilsette og styrar.

4. Refleksjon kring bruk av digitale verktøy er fokus på foreldremøte

God praksis:

I foreldremøte kom det fram at refleksjon kring bruk av digitale verktøy har hatt eit større fokus på foreldremøte dei siste åra. IKT-planen, kva digitale plattformer ein skal bruke for kommunikasjon, kritisk og kreativ bruk av digitale verktøy er noko av det som har vore tema på foreldremøte.

Dette kjem fram i foreldremøte, dokumentanalyse og intervju med tilsette og styrar.

Kvalitetsmål: Barnehagen er ein lærande organisasjon

1. Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet etter behov innan utviklingsområdet

God praksis:

Det er sett av tid på personalmøter til at dei tilsette får utveksle erfaringar og lære av kvarandre. Styrar og ein av fagarbeidarane har vore på kurs i bruk av digital tavle. Dei har hatt besøk av IKT-ansvarleg frå kommunen som har hjulpet dei å kome i gang med bruk av digital tavle. Dei fekk anbefalt nokre appar som dei har lasta ned på Ipad og tavle, og som dei no brukar saman med barna. I tida barna søv er det roleg på avdelinga, og denne tida vert nokre gangar brukt til at dei tilsette øver seg i bruk av digitale verktøy.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette etterlyser meir og betre opplæring innanfor utviklingsområdet. Dei ynskjer at ein kurshaldar skal kome til barnehagen og ha felles opplæring for alle, utan barn tilstades.

Dei tilsette ynskjer å verte tryggare på bruk av spesielt den digitale tavla for å kunne nytte tavla best mogleg. Ifølgje IKT-planen til barnehagane i Høyanger skal *“alle tilsette ha nødvendig opplæring i dei digitale verktøya som barnehagen har, og sikre at dei tilsette ser moglegheitene verktøya gjev”*. Grunna dårleg internett, gjekk det eit år før barnehagen kunne nytte den digitale tavla til anna enn framvisning. Det er

viktig at barnehageeigar tar ansvar for, og følger opp, at dei digitale verktøya fungerer tilfredsstillande.

Dette kjem fram i dokumentanalyse og samtale med tilsette og styrar.

2. Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis

God praksis:

Gjennom prosessen med å komme fram til utviklingsområde for ekstern vurdering, har barnehagen sett av tid til å reflektere over eigen og felles digital praksis. Også i arbeidet med IKT-planen og framtidsbilete har dette vore tema.

Praksis som kan bli betre:

Det har vore sett av tid, men alle tilsette er einige om at det ikkje har vore nok tid. Dei ynskjer at tid til opplæring og øving på digitale verktøy vert prioritert utanom tida som er sett av til personalmøter.

Dette kjem fram i dokumentanalyse og intervju med tilsette og styrar.

3. Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis

God praksis:

Alle dei tilsette i barnehagen seier at dei har behov for å bli betre på dette utviklingsområdet. Dei har for lite kompetanse innanfor IKT, og ser at dei bør og må henge med i utviklinga. Barnehagen valgte utviklingstema ut frå ståstadsanalysen, og har valt eit område ein treng å bli betre på. Styrar seier at IKT ikkje nødvendigvis er det ein har mest lyst å arbeide med, men at ein er forplikta til det gjennom IKT-planen. Denne planen har gjeve barnehagen ein nødvendig puff i riktig retning. Styrar seier det så illustrerande: "Når ein arbeider med noko, får ein automatisk meir meistring, og det driv ein vidare". Barnehagen ser også dette arbeidet som ein del av Rekomp-ordninga dei skal vere med i framover, og gler seg til fortsettelsen.

Dei tilsette viser engasjement og motivasjon for å arbeide med utviklingsområde under intervju.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen viser vilje til utvikling. Evne til utvikling er påverka av behov for opplæring. Barnehagen uttrykkjer eit tydeleg behov for ekstern opplæring innanfor bruk av ulike programvarer/appar og innanfor moglegheitene den digitala tavla har. Barnehagen har også moglegheit til å gjennomføre noko av denne opplæringa internt gjennom at dei tilsette set seg inn i kvar sin app og lærar kvarandre.

Dette kjem fram under dokumentanalyse og samtalar med tilsette og leiing.

4. Barnehagen har ein IKT-plan som blir jamleg oppdatert

God praksis:

Styranane i barnehagane i Høyanger har utarbeida ein felles plan for IKT. Dei tilsette i barnehagen uttrykker at dei synes denne planen er god. Den er godt forankra i lover, forskrifter og rammeplanen.

Samarbeid i styrarnettverk sikrar refleksjon og felles fokus på IKT i kommunen. Barnehagen har difor fleire barnehagar dei kan spele på og kontakte dersom dei lurar på noko.

Praksis som kan bli betre:

IKT-planen har ikkje eit kapittel om oppfølging. I eit slikt kapittel kan det stå noko om evaluering og oppdatering, både undervegs og etter at planen er gjennomført. Det er viktig at styranane tar med resten av personalet i ein slik evalueringsprosess, som kan ha mål om å resultere i ein ny IKT-plan.

Dette kjem fram under dokumentanalyse og samtalar med tilsette og leiing.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis	<ul style="list-style-type: none">● Kritisk refleksjon kring kva appar ein har tilgjengeleg for barna. Kva språk nyttar ein (bokmål/nynorsk, andre morsmål)?● Kva er formålet med appen? Kva vil ein fokusere på? Appar som støttar tema barnehagen driv med?
Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis	<ul style="list-style-type: none">● Korleis skal opplæring føregå? Internt/eksternt?● Kartlegge og prioritere behov for opplæring● Tiltsette setje seg inn i og øve seg på bruk av kvar sin app til personalmøte og lære kvarandre
Den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell	<ul style="list-style-type: none">● Gjere IKT-planen, årsplan, vekesplanar tilgjengeleg for føresette - på kva plattform?● Ha ei tydeleg avklaring på kva plattform som skal brukast til kva type informasjon● Kva plattform kan brukast til deling av bilder frå barnehage til heim?

Barnehagen har ein IKT-plan som blir jamleg oppdatert

- Plan for oppfølging og evaluering av IKT-planen. Kva skjer etter 2023?

8. Vidare arbeid

Innan ein måned etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider (hafs.no).

Seinast ein måned etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Foreldre, tilsette og barn

Eksterne: Torunn Åsnes og Gøril Fristad

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og i utgangspunktet fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.

Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Framdriftsplan ekstern vurdering i Bjordal barnehage

Tidspunkt: v. 43, måndag 19.10- onsdag 21.10.20

Tema: IKT i barnehagen

Vurderarar barnehage: Torunn Åsnes, Flekke barnehage og Gøril Fristad, HAFS oppvekst (Vurderarar skule: Endre Johan Bukøy Natvik, Solund barne- og ungdomsskule og Anne Erstad, Våge skule)

- Veke 33: Oppstartsmøte med personalet og utviklingsrettleiar
- Veke 36: Barnehagen sender første utkast til framtidsbilete
Vurderarar blir kopla på
- Veke 37: Tilbakemeldingar på framtidsbileta frå utviklingsrettleiar og vurderarar
- Veke 39: Vurderarane møter barnehagen
Tilbakemeldingar på framtidsbilete
- Veke 40: Barnehagen godkjenner framtidsbilete
Barnehagen sender relevante dokument
Vurderarane sender over innbyding til foreldremøte. Barnehagen/skulen bestemmer to ulike tidspunkt (19.09) og sender ut innbydinga saman med framtidsbilete.
Barnehagen/skulen inviterer også tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, leiar i elevråd, kommunalsjef til presentasjon av rapporten siste vurderingsdag
- Veke 42: Vurderarane utarbeidar samtaleguidar med grunnlag i framtidsbileta
Styrar sender desse tekstane til vurderarane (skal limast inn i rapporten):
- Presentasjon av skulen
 - Bakgrunn for val av vurderingstema
- Veke 43: Vurderingsveke
- Måndag: Observasjon
Samtale med to av tilsette (eininga set saman og lagar plan ut frå hensiktsmessig timeplan)
Foreldremøte barnehage kl. 1830 (Eininga inviterer inn)
(Foreldremøte skule kl.17)
Skriving av tekst til rapport
- Tysdag: Observasjon (særleg start)
Samtale med barn (barnehagen bestemmer tidspunkt)
Samtale med resten av tilsette (barnehagen bestemmer tidspunkt)

Samtale med leiing på slutten av dagen
Start på skriving av rapport

Onsdag:	08.00- 1430	Skriving av rapport
	(13.00	Førebels rapport levert til rektor)
	14.30	Førebels rapport levert til styrar
	(15.00	Presentasjon av rapport for skule (tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, kommunalsjef, elevråd)
	16.30	Presentasjon av rapport for barnehage (tilsette, foreldreutval/samarbeidsutval, kommunalsjef)

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den ein skilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna
Samtaleguide for foreldra
Samtaleguide for personalet
Observasjonsskjema

Spørsmål til barn i Bjordal barnehage v.43

1. Kva likar du alle best å gjere på i barnehagen?
2. Kva har du lyst til å gjere meir av i barnehagen?
3. Lagar du noko i barnehagen? Kva brukar du då? (tenker generelt, men litt for å sjekke om dei kjem innom bruk av verktøy sjølve.
4. Veit du kva Ipad er? Kamera? PC? Skrivar? Kopimaskin? Mobil? Tavle? TV?(andre ting vi bør ta med?)
5. Har de Ipad, kamera, kopimaskin, skrivar eller PC som de kan leike med i barnehagen?
6. Kva gjer du når du brukar Ipad osv?
7. Kva kan du bruke XX til?
8. Kor brukar de Ipad osv? Inne? Ute?
9. Har du laga noko med XX?

10. Har du lært noko av å bruke XX ?
11. Har de reglar for Ipad osv? Er det noko de ikkje får lov til å gjere?
12. Hjelper dei vaksne deg når du brukar Ipad osv?

Spørsmål til foreldre i Bjordal barnehage 19.10.20

1. Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen?
2. Kva legg de i at kommunikasjonen bør vere sikker og funksjonell?
3. I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell?
4. Kjenner de til barnehagen sin plan og praksis for bruk av digitale verkøy?
5. Beskriv kva denne planen seier.
6.
 - a) I kva grad er refleksjon kring bruk av digitale verkøy fokus på foreldremøter?
 - b) Kva for tema innanfor IKT har vore tema på foreldremøte i barnehagen?
7. Korleis har de blitt invitert til å kome med innspel til innhald og arbeidsmåtar i barnehagen innanfor tema IKT?
8.
 - a) I kva grad kjem føresette de med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
 - b) Gje døme på innspel foreldra har kome med.

Spørsmål til tilsette Bjordal barnehage v.43

Barneperspektivet:

1. Har barna tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verkøy?
2. Kva legg du i omgrepa relevante og tilfredsstillande digitale verkøy?
3. Korleis får barna utforske, leike, lære og skape gjennom digitale uttrykksformer?
4. Kva oppleving vil du seie at barna får i leik og læring med IKT?
5. Korleis får barna støtte og rettleiing i bruk av digitale verkøy?

Tilsetteperspektivet:

6. Har de tilsette tilgang til relevante og tilfredsstillande digitale verkøy?
7. Kjenner du at de kan nytte verkøya på ein god måte?
8. Får de den opplæringa de treng for å kunne nytte verkøya de har på ein god måte?
9. Korleis legg du til rette for at barna får utforske, leike, lære og skape noko gjennom digitale uttrykksformer?
10. Korleis støttar du barna i å utvikle digital dømmekraft?
11. Korleis varetek du barna sitt personvern?
12. I kva grad kjenner du til barnehagen sin IKT-plan?

Foreldreperspektivet:

13. Korleis føregår den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen?
14. I kva grad vil du seie at den digitale kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell?
15. I kva grad kjenner føresette til barnehagen sin plan og praksis for bruk av digitale verkøy?
16. Korleis vert føresette inviterte til å komme med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
17. I kva grad kjem føresette med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet?
18. I kva grad er refleksjon kring bruk av digitale verkøy fokus på foreldremøter?

Organisasjonsperspektivet:

19. I kva grad legg leiinga til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet innan utviklingsområdet?
20. Er det sett av nok tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis?
21. I kva grad har barnehagen vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis?
22. I kva grad har du vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis?
23. I kva grad er barnehagen sin IKT-plan tema for utvikling?

Tilleggsspørsmål til styrar:

1. I kva grad legg du til rette for erfaringsutveksling og opplæring innan utviklingsområdet?
2. Korleis legg du til rette for at dei tilsette kan utvikle seg innan utviklingsområdet?
3. Er det sett av nok tid til utvikling og endring av digital praksis?
4. Kva ser du som mest utfordrande med å arbeide med dette utviklingsområdet? (Økonomi? Opplæring? Kunnskap? Tid?)

Observasjonsskjema Bjordal barnehage 2020

Barna	
Barna har tilgang til relevante og tilfredsstillende digitale verktøy	barna utforskar, leiker, lærer og skaper sjølve gjennom digitale uttrykksformer
barna får oppleve glede og meistring i leiken og læringa med IKT	barna får støtte og rettleiing i bruken av digitale verktøy
Tilsette	
Tilsette legg til rette for at barna utforskar, leiker, lærer og skapar noko gjennom digitale uttrykksformer	Tilsette støttar barna i å utvikle digital dømmekraft
Tilsette varetek barna sitt personvern	Tilsette syner/følger opp kjennskap til barnehagen sin IKT – plan
Føresette/organisasjon/tilsette	
Den digital kommunikasjonen mellom føresette og barnehagen er sikker og funksjonell	Føresette syner kjennskap eller følger opp barnehagen sin plan og praksis for bruk av digitale verktøy
Føresette kjem med innspel til barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar om utviklingsområdet	Refleksjon kring bruk av digitale verktøy er fokus på foreldremøte
Organisasjon	
Leiinga legg til rette for erfaringsutveksling og opplæring av personalet etter behov innan utviklingsområdet	Barnehagen har sett av tid til refleksjon rundt eigen og felles digital praksis
Barnehagen har vilje og evne til utvikling og endring av digital praksis	Barnehagen har ein IKT-plan som blir jamleg oppdatert